

Meland kommune
Planavdelinga
Postboks 79
5906 Frekhaug

Saknr.: 19-002 **Kommune:** Meland **gbnr.:** **Gardsnamn:** Fosse-Moldekleiv **Dykkar ref.:** 16/2869-18/26188

Reguleringsplan for Fv.245 Fosse – Moldekleiv, med oppgradering av Fossekrysset- Høyring og offentlig ettersyn

Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2019/106697	Inn	08-01-2019	Meland kommune v/Merethe Tveit	Reguleringsplan – Høyring og offentlig ettersyn	SMV

NGIR har mottatt varsel om høyring og offentlig ettersyn av planarbeid, og har følgjande merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Meland (og NGIR området forøvrig) kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløysingar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 14. januar 2019



Siv-Merete Vedå
-kundekonsulent -